



PETROLEUMSTILSYNET

Statoil Petroleum AS

4035 Stavanger

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2014/904/TES

Dato
12.12.2014

Samtykke til bruk av Oseberg Vestflanken utover opprinneleg levetid

Vi viser til dykkar søknad om samtykke datert 17.6.2014 til forlenga drift av Oseberg Vestflanken undervassanlegg, rørleidningar og kontrollkablar der de søker om forlenga levetid til 2025.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25 tredje ledd bokstav d, får de samtykke til bruk av anlegg på Oseberg Vestflanken i utvinningstillatelse 053, ut over opprinnelege levetid. Samtykke er gitt til 31.12.2025.

Samtykket blir gitt blant anna på bakgrunn av dokumentasjon innsendt i forbindelse med søknaden.

Behandlinga av søknaden om samtykke blir koordinert av oss, jf. styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden framlagt Miljødirektoratet (MD). MD sine kommentarar og vilkår går fram av vedlagde brev.

Vedtaket kan påklagast etter § 28 i forvaltningslova. Fristen er tre veker frå mottak av dette brevet. Klagen skal sendast til oss. Nærmare opplysningar om klagerett kan ein få ved å kontakte oss.

Vedtaket om samtykke skal gjerast kjend for verneombod og arbeidstakarane sine representantar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Kjell Marius Auflem e.f.
tilsynskoordinator

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: 1

Kopi:

Oljedirektoratet	Postboks 600	4003	STAVANGER
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM

Sist endret: 12.12.14 12:45